

Varsel om oppstart av planarbeid: Detaljregulering – Parkering til Stranda sjukeheim

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette varsla oppstart av arbeid med offentleg detaljregulering for **Parkering til Stranda sjukeheim**, gnr./bnr. 52/5 og 52/369, Stranda kommune. PlanID er 2026003.

Planforslaget vert fremma av Stranda kommune og utarbeidd av LINK Arkitektur AS.

Planområdet

Planområdet ligg ved Ringstad, på nordvestsida av Nymarkvegen og Stranda omsorgssenter, og omfattar delar av eigedomane gbnr. 52/5 og 52/369. Planområdet omfattar noko sideareal til Nymarkvegen og noko dyrka mark. Foreløpig avgrensing av planområdet er vist på vedlagte kartutsnitt. Planområdet kan verte noko mindre enn vist i det vedlagte kartet.

Plangrunnlag

Planområdet er i kommuneplanens arealdel 2020-2032 satt av til framtidig tenesteyting. Ei smal stripe av planområdet langs nordvestsida av Nymarkvegen, er omfatta av gjeldande reguleringsplan for Lånåmarka. Planområdet er elles ikkje omfatta av reguleringsplan.

Hensikta med planarbeidet

Hensikta med planarbeidet er å regulere areal for parkering som er nødvendig for å oppfylle parkeringskrav knytt til planlagt utviding av eksisterande sjukeheim ved Stranda omsorgssenter, då det ikkje er tilstrekkeleg plass til parkering på sjukeheimstomta.

Det er vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Oppstartsmøte om planarbeidet

Planinitiativ og referat frå oppstartsmøte finn du på Stranda kommune sine heimesider, sjå www.stranda.kommune.no/postliste, saksnummer 26/820. Planinitiativet er behandla av fast utval for plansaker (FUP) i møte 18.05.2026, saksnummer 033/26.

Spørsmål og merknader

Har du spørsmål til planarbeidet, kan du kontakte:
Randi Nicolaisen / +47 481 57 953 / e-post RN@linkarkitektur.no

Merknader og innspel til reguleringsarbeidet rettast til plankonsulent:

RN@linkarkitektur.no eller LINK Arkitektur AS v/Randi Nicolaisen, Postboks 383 Sentrum, 0102 Oslo.

Frist for å kome med merknader er 17. juni 2026.

Vidare prosess

Alle merknader vert vurderte i vidare planarbeid. Det vert ikkje gitt individuelle svar på merknadene, men dei vert kommenterte av forslagsstillar, og vil følgje som del av planforslaget.

Etter at merknadsfristen er ute, vil det bli utarbeidd eit planforslag som vert sendt til kommunen for førstegongs behandling. Ved ei utlegging av planforslaget til offentleg ettersyn, vil det bli høve til å kome med nye merknader.

Med venleg helsing



Randi Nicolaisen

Sivilarkitekt / byplanlegger

LINK Arkitektur AS

+4748157953

RN@linkarkitektur.no

Vedlegg: Oversiktskart med foreløpig avgrensing av planområdet av